



Notat

Dato

LEIKANGER, 31.03.2016

Til: Fylkesutvalet, møte 13.april 2016

Frå: Fylkesrådmannen

Etablering av energiforum/-råd

Kvifor dette notatet

Fylkestinget (FT) gjorde i sak 49/15; Petroleumsrådet – endring av reglement og val for perioden 2015 – 2019 mellom anna dette vedtaket:

«3. Fylkestinget ber om at arbeidet som er i gang med å få etablert energiforum/energiråd, med mandat om å arbeide for å styrke industriell utnytting av energiressursane i Sogn og Fjordane med hovedvekt på fornybare energiressursar, vert lagt fram som sak.»

I denne saka, som i utgangspunktet gjaldt Petroleumsrådet, vedtok altså FT – i tillegg til vedtaks-pkt. 1 og 2 om nettopp Petroleumsrådet – at det skulle leggjast fram ei eiga sak om arbeidet med å få etablert eit energiforum/-råd.

Fylkesrådmannen er i sitt arbeid med å følgje opp dette vedtaket usikker på to forhold:

- Skal nemnde energiforum/energiråd vurderast heilt uavhengig av nemnde Petroleumsråd? Altså skal vi ha eit råd som arbeider med bruken av fossile energiressursar og eit anna råd som arbeider med bruk og utnytting av fornybare energiressursar?
- Skal vi i saka også vurdere kva rolle og posisjon desse råda / dette rådet skal ha i høve den fylkeskommunale utvalsstrukturen, eller skal slike råd « leve sitt eige liv » uavhengig at dei fylkeskommunale styringsorgana?

Fylkesrådmannen tek opp dette fordi han er noko usikker på korleis FT-vedtaket skal tolkast og forståast. Eg er og noko skeptisk til at vi opprettar fleire råd som kanskje bidrar til at vi ikkje får gjort framtidsretta prioriteringar innafor den samla energisektoren, samtidig som desse råda ikkje får klårgjort si rolle innafor den fylkeskommunale utvalsstrukturen. Eg tenker her på kva rolle desse råda skal ha i høve både hovudutval for næring og kultur og i høve FU/FT.

Felles råd/forum som inkluderer petroleumsrådet?

I utgangspunktet kan det vere ein nærliggande tanke å ha eit forum/råd som kan arbeide med alle energirelaterte spørsmål. Der er likevel nokre moment som kan drøftast:

- Vasskraft, vindkraft, småkraft, havkraft mm er til stades «over alt». Forholda ligg i utgangspunktet godt til rette for næringsutvikling nær energiressursane.
- Lokalisering av olje- og gassverksemder framleis sterkt påverka av politikk, med trong forsterk medverknad frå toppleiringa i fylkeskommunen og frå dei involverte kommunane. Det er ikkje ein opplagt samanheng mellom kvar ressursane finst og kvar dei skal takast i land/forelast, eller kvar forsyningar og driftsstøtte kjem frå.

Forum for grøn energi

Arbeidsforma til «Forum for grøn energi» er tenkt etter modell av IT-forum, for å absorbere primærprodusentar, høgskulestudium, «applikasjonsselskap» av typen Enoro, andre leverandørar og interesser elles. Desse styrer etter vedtekne rammevilkår. Det er vidare tenkt at dette forumet skal ha fleire delprosjekt med varierande intensitet og storleik. Breibandforum og (tidlegare) større EU-prosjekt er døme på slik ekstraordinær innsats styrt av interesser, aktualitet, etc.

Det er i gang eit arbeid med å skipe eit slikt forum. Arbeidet er dessverre forseinka, men det bør kunne vere klårt eit oppsett om ikkje lenge. Fylkeskommunen har i budsjett 2016 (tenesteområde 7012, energi) teke høgde for å stø ei etablering av eit slikt forum. Dette vil vere eit framhald av Vindkraftforum, men som tidlegare nemnt truleg etter modell av IT-forum. I denne modellen vil ev. satsing på vind vere å forstå som eit delprosjekt, jf. førre avsnitt.

Energiselskapa bør vere aktive i eit slikt forum, men vi ser føre oss at medverknaden til dei andre aktørane er minst like viktig.

Drøfting i saka

Fylkesrådmannen ønskjer å gjere greie for alternative organisasjonsformer for energiarbeidet, og forsøk ei organisering av arbeidet der også forholdet mellom politiske organ og administrative arbeidsgrupper blir drøfta.

Som det går fram av skildringane over, er fylkesrådmannen skeptisk til å opprette nye organ med politisk innslag utanom den vedtekne og innarbeidde utvalsstrukturen. Petroleumsrådet har ei eiga historie, og det synest ikkje som om denne organiseringa automatisk er tenleg til å arbeide med heile energisektoren. På den anna side vil vi, ved å halde på dette skiljet, kanskje ikkje bli utforda på å gjere prioriteringar innafor ein samla energisektor.

Dersom det går mot etablering av eit energiforum heilt ved sida av petroleumssektoren, og då som eit operativt organ som mellom anna gir råd til fylkesrådmannen i energisaker, slik IT-forum i dag gjer i saker som omhandlar breiband, bør fylkeskommunen vere ein pådrivar i dette arbeidet. Fylkesrådmannen er innforstått med at dette kan bli utfallet.

Fylkesrådmannen ber om å få styringssignal frå fylkesutvalet i høve oppfølginga av nemnde FT-vedtak og innhaldet i dette notatet.